



Lindås VVS AS

Referanser:

Dykkar: Jan Erik Helland
Vår: 14/323 - 14/25491

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

20.11.2014

Retur av søknad vedr. traseendring for avlaupsleidning - gbnr 102/139 Vabø

Vi viser til Dykkar søknad om traseendring for avlaupsleidning, journalført med vedlegg den 11.11.2014.

Vurdering

Søknaden er ikkje sendt inn av ansvarleg søkjar. Dersom utførande røryleggarfirma er skeptisk til godkjente tiltak må eventuelle endringer søkask om via ansvarleg søkjar.

Dersom ein skal knytte seg til eksisterande leidning, må heile leidningen vises på ein situasjonsplan og fram til utslippspunktet. Det må dokumenterast rett til å kople seg på leidningen. Det må dokumenterast at eksisterande leidning er dimensjonert for bruken. Det må dokumenterast kven som er kopbla til eksisterande leidning og dokumentere totalt antall PE for det samla utslippet. Det må vidare dokumenterast at eksisterande leidning er inntakt og kan nyttast til føremålet.

Ein eventuell ny søknad vil måtte handsamast etter både forureiningslova og plan- og bygningslova. Då vi ikkje har tiltrekkelige opplysningar for å handsame sakakan saka ikkje handsamast.

Søknaden er ikkje fullstendig i samsvar med pbl. § 21-2 og byggesak kapittel 5. Søknaden er vurdert å vere for mangelfull til at den vert teke til handsaming.

Gebyr

Søknadspålitige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
10.2.11 Avvist sak	1	2.100
Totalt å betale:		2.100

Vedtak:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Søknaden vert avvist, då han ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Ny, komplett og kvalitetssikra søknad må sendast inn til kommunen dersom saka skal verte teke opp til realitetshandsaming.

Dokumenta vert arkivert i kommunen.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggmester Steinar Thunold AS
Andre Fjellsbø

Vadbuvegen 197 5955

LINDÅS

Mottakarar:
Lindås VVS AS